



RAPPORT FRÅ TENKETANK VELFERDSTEKNOLOGI I TENESTER TIL PERSONAR MED UTVILINGSHEMMING

Mandat: viser til mandat godkjent i prosjektgruppa for Vestlandsprosjektet 27.11.19

Periode: 25.11.19-31.05.20

Deltakarar:

- Alver: Karianne P. Grindheim og Rosalind Ingebø
- Austevoll: Marte Troland Aga
- Austrheim: Toril Hordvik
- Gulen: Bjørg J. H. Haugland
- Osterøy: Hege C. Høvig
- Vaksdal: Maren Thorkildsen
- Voss: Arnhild Vethe
- frå 3. møte: Bjørnafjorden: Tove Gylløw
- Vestlandsprosjektet sin representant: Gro Løvik
Viser til referat frå møta for oppmøteregistrering

Møter:

- 25.11.19 (2,5 t)
- 20.01.20 (2,5 t)
- 23.03.20 (1 t videomøte)
- 25.05.20 (2,5 t video)
- 19.08, ekstramøte (3 t)

Gruppa starta med å gjennomgå spørsmål ein sit med når det gjeld velferdsteknologi til menneske med utviklingshemming:

- Kva er behovet og nytten av velferdsteknologi i brukargruppa?
- Kva finnast av velferdsteknologi i kommunane?
- Korleis er søkeprosessen i kommunane i dag?
- Kva er kommunane villige til å prøva ut?
- Økonomiske rammer? Investeringsvilje i kommunane?
- Kva finnast på marknaden? Og kva er eigna for brukargruppa?
- Kva er nytt? Teknologi som er på veg?
- Endringar i lovverket?
- Er det fokus på at det må gjerast investering no, og får gevinst på sikt?

Gruppa ønska på bakgrunn av dette å starte med å gjere opp status i kommunane.

Arbeidsform:

Drøftingar: i møta har det vore drøfta tema som lovverk, søkeprosessar, samarbeid med fylkesmannen, utfordringar knytt til tilpassingar og opplæring, pårønderolla; involvering og informasjon, kva teknologi er mest aktuelle for personar med utviklingshemming, kva teknologiar skal betalast av kven

Kartlegging: det er gjort kartleggingar i kommunane om behov og nytte for velferdsteknologi for den aktuelle brukargruppa. Kva er kommunane villige til å prøve ut/investere i? Har kommunane allereie lisensar liggande? Kva kommunar har frikjøpte ressursar til implementering av VFT og ligg nokre ressursar i eining for tenester til utviklingshemma?

Utprøving: me har i denne perioden ikkje fått prøvd ut dei kognitive hjelpemidla som me hadde planlagt. Dette som følgje av coronapandemien. Enkelte kommunar har tatt i bruk teknologi frå anskaffinga som vart gjort i 2018 og 2019; lokalisering og sensorar. Nokon kommunar har anskaffa Komp pro og RoomMate, men ikkje sett det i drift endå

Leverandørbesøk: planlagt til møte 23.03, men utsett og gjennomført 19.08

Planar for gruppa sitt arbeid:

Det var ønskeleg for gruppa å fokusere på meistringsteknologi, kommunikasjonshjelpemiddel og kognitive hjelpemiddel. Vi trong ei oversikt over ulike teknologi som fans på marknaden. Gruppa planla ein gjennomgang av kognitive og kommunikasjonshjelpemiddel saman med leverandøren Abilia. Representantane samla inn status på ulike relevante punkt i sine kommunar.

Kva er gjort:

Det blei gjort ein gjennomgang i kommunane ifht korleis dei ulike søknadsprosessane blei gjennomførte.

Det blei gjennomført ei enkel kartlegging i nokre avdelingar av aktuelle kandidatar for kognitive hjelpemiddel og dermed tatt kontakt med hjelpemiddelsentralen for utprøving av Memoplanner.

I mandatet står det at det skal satsast på velferdsteknologi for denne brukargruppa. Det var viktig å kunne prøve ut ulike teknologi til brukargruppa, slik at ein kan samle inn data om kva som fungerer best mtp. denne brukargruppa.

Kva er ikkje gjort som planlagt:

Gruppa blei undervegs i prosjektperioden forhindra av coronapandemi. Ein del arbeid blei dermed utsett. Møtet med leverandør blei satt på vent og utprøving av hjelpemiddel hjå hjelpemiddelsentralen måtte også utgå.

Dei siste møta våre, inkludert arbeid med sluttrapport har foregått på videomøter via Teams, noko som har forseinka arbeidet vårt noko. Personane i gruppa har òg blitt omdisponerte og hatt mange andre tilleggsoppgåver i pandemitida enn elles. Det har difor blitt mindre tid til å fokusere på tenketanken sitt planlagde arbeid.

Gruppa har som resultat av dette, hatt behov for eit ekstra møte. Dette for å ferdigstille sluttrapporten samt å få gjennomføre planlagt leverandørbesøk.

Gruppa si tilråding om vidare arbeid:

Det er behov for vidare arbeid og satsing på området for å få fullverdig implementering og god forankring av velferdsteknologi, slik at det vert naturleg del av tenester til personar med utviklingshemming. Dette er basert på observasjonar av at:

1. erfaring frå velferdsteknologiinnføring i ordinær heimeteneste/eldreomsorg kan ikkje automatisk overførast til tenester for personar med utviklingshemming. Dette pga. m.a. lovverk og utvida og langvarige behov. Det er dermed behov for eigne tiltak og satsing her.
2. den økonomiske gevinsten er ikkje alltid dokumenterbar når det gjeld å ta i bruk velferdsteknologi for denne brukargruppa, der mykje handlar om kvalitet; sjølvstende, meistring og auka livskvalitet. Dette må difor prioriterast og anerkjennast.
3. innføring av velferdsteknologi til personar med utviklingshemming er veldig ofte eldsjelbasert i dei fleste av deltakarkommunane, og det manglar prioritering og planlagt satsing.
4. det verkar positivt å ha frikjøpte ressursar til arbeid med velferdsteknologi, då dette påverkar implementeringsgraden. Det er viktig at det òg er frikjøpte ressursar i avdelinga for tenester til utviklingshemma. Det bidrar til å lettare implementere velferdsteknologi òg i disse tenestene.
5. det er forventning om at denne brukargruppa skal få sin velferdsteknologi gjennom hjelpemiddelsentralen, og det er dermed ikkje sett av budsjettmidlar til investering og opplæring. Dette medfører òg lengre tid før velferdsteknologi kan takast i bruk pga. tilpassing og saksbehandlingstid hos hjelpemiddelsentralen. Personar med utviklingshemming vert dermed forskjellsbehandla, samanlikna med dei som får raskt installerbar tryggleiksteknologi som er anskaffa gjennom felles anbod.
6. fagpersonar vurdere brukargruppa vil ha nytte av velferdsteknologi som investering i livskvalitet og meistring. Det kunne vore føremålstenleg å opprette/tilby ein eigen pakke med velferdsteknologi tilpassa personar med utviklingshemming. Då ikkje berre tryggleiksteknologi men òg meistringsteknologi.
7. det er lite informasjon å finne om retningslinjer, veiledning i kva velferdsteknologi som kan gje gevinst, korleis implementere osv.
 - a. Gruppa tilrår at det utarbeidast ein felles veiledar for implementering av velferdsteknologi for utviklingshemma. Det vil vere hensiktsmessig at den inneheld nokre felles retningslinjer, samt ei samling av råd og veiledning for korleis legge opp eit løp for å avhjelpe tenestene med å implementere teknologi som har gevinst (jfr. Kvikkguide på andre velferdsteknologiområder). Denne veiledaren kan t.d. utarbeidast i ei tverrkommunal arbeidsgruppe. Det vil vere nødvendig å kunne gjere lokale tilpassingar i kvar kommune. Forslag til innhald i veiledaren kan vere ei oversikt over aktuell kva teknologi som finnast og som eignar seg godt for brukargruppa, eksempel på erfaringar og kontaktinformasjon til kommunar/ressurspersonar som har erfaringar.
 - b. Gruppa ser behov for eit nettverk for erfaringsutveksling på tvers av kommunar, då innan tenester for personar med utviklingshemming. Dette for å ha ein arena der det er enkelt å ta kontakt, lære av og inspirere kvarandre.

Med helsing

Arbeidsgruppa «Tenketank velferdsteknologi i tenester til personar med utviklingshemming